



Årdal Energi

## Årsmelding og rekneskap for 2018



Feil på linja til Søreknipen vinteren 2018/19

## **Styret**

Styret har i 2018 hatt følgjande samansetting:

Medlemar:	Personlege vara medlemar:
Arild Ingar Læg Reid (styreleiar)	Hilmar Høl
Sandra Opheim (nestleiar)	Anne Kauppi
Aleksander Øren Heen	Bjørn Havro
Trude Klingenberg	Thomas Norheim Moen
Ivan Øy	Stian Marius Bye

Ivan Øy og Stian Marius Bye er valde av og blant dei tilsette.

## **Styresaker**

Det har vore halde 7 styremøte, der 25 saker har vore handsama.

## **Helse, miljø og tryggleik (HMS)**

Årdal Energi er sjølvstendig medlem i Bedrifthelse1. Alle våre tilsette har dermed eit tilbod gjennom bedrifshelsetenesta.

Sjukefråværet for 2018 var på 4,6 %. Bruk av eigenmelding utgjorde 0,8 % av fråværet.

Det vart meldt inn 80 uønska hendingar/forbetringsforslag i 2018, som er ein auke i innmeldte hendingar sidan i fjor. Desse hendingane vart handsama administrativt, og tiltak er sett i verk.

Innrapporterte hendingar vart kategorisert slik: 35 alvorlege saker innanfor områda målarprosjekt (13), jordfeil (7), elektrisk utstyr (5), nesten ulykke (4), øvrig/anna (3), bygningar (3), HMS plan/SJA/arbeidsordre (2) og orden og reinhald (1). Tre av desse sakene er kategorisert under to ulike områder. I tillegg var 45 saker registrert som mindre alvorlege saker.

Årdal Energi har gjennomført månadlege personalmøter der HMS står først på agendaen. Det er gjennomført førstehjelpskurs for alle tilsette, kurs i nedfiring av skadd person frå stolpe, samt kurs i tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg (FSE).

Årdal Energi, gjennom sal av rein vasskraft, ureiner ikkje det ytre miljøet. Årdal Energi er med på den kommunale renovasjonsordninga og har ein eigen avtale med eit lokalt firma for handtering av jern/metall og anna brennbart avfall.

## **Likestilling**

Årdal Energi har ved utgangen av 2018 tilsett 3 kvinner og 14 menn. Verksemda har som målsetjing å ha ein arbeidsstokk og eit avtaleverk som sikrar likestilling. Lokalitetane er godt tilpassa begge kjønn.

## Arbeidsområder gjennom året


Innanfor området Nettdrift, har 2018 vore eit aktivt år. Det har vore utført utskifting av alle straummålarane til AMS målarar og parallelt har ein teke med NSO utbygging (nettstasjonsovervaking). NSO vil gje oss tidleg varsel på feil i straumnettet. Elles har vi gjort reinvesteringar i nytt koplingsanlegg i nettstasjon K033 ved Meieriparken. Vi har bygd om mellombels nettstasjon i Naddvik K049, til ein ny permanent nettstasjon. Vi har lagt om straumnettet i delar av Hæreidsvegen i samarbeid med kommunen. Det er gjort tiltak på Offerdalslinja med ny effektbrytar og ny kabel frå brytaren til endemast i Seimsdalen. På linja til Fardalen er det skifta ut styringa til effektbrytaren, slik at vi no kan få varsel direkte til vakta ved utfall.

Vi har delteke i Årdalsnett sitt store fiberprosjekt, med å føra fram og kopa opp hovudfibrane fram til dei ulike områda. I tillegg har Årdal Energi bidrege med mange ressursar til Årdalsnett gjennom vakt, drift, samt administrative og prosjekterelaterte oppgåver.


For å førebu dei lovpålagde organisasjonsendringane, har styret saman med leing arbeidd med framtidig organisering og strategi.

## Utviklinga i kraftprisane

Kraftmarknaden er fri og alle kan kjøpa krafta hjå den kraftleverandøren dei ynskjer. Årdal Energi har som målsetting å halda ein rimeleg pris til den lokale marknaden. Samstundes er det kraftsalet som kan gje oss store nok marginar til å oppfylle eigaren sine ynskjer om fortjeneste på konsesjonskrafta. Prisane i 2018 har vore høgare enn forventa, marknadsprisen har hatt eit snitt på 41,35 øre/kWh, mot 27,44 øre/kWh i fjor. Vår snittpris over året var 29,41 øre/kWh, prisane her er utan mva.




Figuren viser områdeprisen for NO5 Bergen mot Årdal Energi sin kraftpris for 2018. Prisane er eks. avgifter. Kilde: NordPool / Årdal Energi.




Figuren viser Årdal Energi sin utvikling av årleg snittpris på kraft, i øre/kWh, utan avgifter

### Effektivitet i distribusjonsnett


Overføring av elektrisk kraft er monopol-verksemd. For å sjå til at overføringa av energi vert gjort så effektivt som mogeleg, fastset NVE årlege inntektsrammer.



Stolpediagrammet viser korleis prisane på nettleiga pr.01.01.2018 var for nettselskapa i fylket, samt snittet for fylket og heile landet. Det må nemnast at nettleiga er avhengig av bustadmønster og topografi i dei ulike leveringsområda. Prisane er utan avgifter og rekna om til å gjelda ved eit snittforbruk på 20.000 kWh/år.



Stolpediagrammet viser Årdal Energi si utvikling av energileddet i nettleiga for bustadar, utan avgifter.



Figuren viser korleis nettleiga vert fordelt

### **Samarbeid / samanslutningar**

Samarbeidet innan SEIS AS er vidareført, og Årdal Energi nyttar dette organet til samarbeid og informasjonsutveksling, slik at partane kan gjera kvarandre betre.

Årdal Energi har eit godt samarbeid med Nettalliansen gjennom vårt eigarskap og deltaking i ulike prosjekt, der vi også i år har bidrege med ressursar. Nettalliansen, saman med Kvale Advokatfirma, har vore nytta i strategiarbeid for å tilpassa Årdal Energi til framtidige organisasjonskrav. Som ein følgje av dette, har det vore vurdert eit felles nettselskap i Sogn, SEIS 2.0. Årdal Energi var med i fase1, men styret har trekt Årdal Energi ut av prosjektet.

Vi har bidrege med ansvarleg for arbeid (sakyndig driftsleiar) for Seimsdal Kraft.

For å ivareta lærlingane våre, har Årdal Energi eit godt samarbeid med Sogn Opplæringskontor.

### **Planar**

I 2019 held vi fram med fleire nett-modifikasjonar for ytterlegare å gje kundane ei så stabil kraftforsyning som mogeleg. Vi må halda fram med omorganiseringsprosessen, slik kommunestyret har bestemt.

### **Deleigde verksemder**

Status for verksemder som Årdal Energi er deleigar av:

#### **Årdalsnett AS**

Verksemnda går godt med god utvikling på både omsetning og resultat. Talet på kundar er veksande. Selskapet har hatt store investeringar med utbygging av fiber til alle kundar i Årdal kommune. Dette prosjektet vi bli avslutta 1.kvartal 2019.

### **Seimsdal Kraft AS**

Kraftverket har hatt god drift og produsert 18,6 GWh i 2018, sjølv med ein tørr sommar. Det er ein nedgang i produksjon på 3,0 GWh i høve året før. Produksjonen tok seg opp og var god på hausten, samtidig som det var høge prisar. Dette gjorde til at selskapet fekk eit godt resultat.

### **Offerdal Kraftverk AS**

Verksemda har no fått konsesjon for utbygging av to kraftverk i Indre- og Ytre Offerdalen. Fjordkryssinga er no vedteken gjort om til sjøkabel, i staden for linje. Dette gjer at prosjektet får ein betre miljøprofil. Aktiviteten har vore låg, og eigarane har ikkje gjort noko endeleg vedtak om utbygging enno.

## ***Strategi og framtidsutsikter***

Årdal Energi si hovudoppgåve er å bygga driftssikre fordelingsnett som syter for færre og kortare avbrot til det beste for kundane i Årdal. Årdal Energi skal vidare ha ein sunn og god økonomi, som gjev rett pris til kundane våre, samt avkasting til eigaren.

Det må arbeidast vidare med dei mange prosessane som er sett i gang i energibransjen. I 2018 har det vore arbeidd mykje for å tilpassa seg felles Elhub (felles måleverdi HUB). Denne skal etter planen setjast i drift februar 2019.

Restmontering av nye AMS målarar (Avanserte Måle- og Styringsssystem) held fram i fyrste kvartal 2019, for å bli 100% ferdig. Arbeidet med NSO (Nettstasjons overvaking) er i gang og vert vidareført i 2019.

Stortinget vedtok i 2016 at nettdelen (monopoldelen) av alle energiselskap må skiljast ut som eige føretak (selskapsmessig skille). Kommunestyret har vedteke ny organisering og arbeidet med å tilpassa seg denne, vert vidareført i 2019. Etter planen skal ein gjennomføra heile omorganisering av Årdal Energi i løpet av 2019.

## ***Etiske retningslinjer***

Årdal Energi har utarbeidd eige verdigrunnlag og etiske verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtfærd som er forventa av den einskilde medarbeidar.

Våre verdier er *trygg – offensiv – lagspelar*, desse verdiane skal vera eit grunnlag for alt vi gjer. Det vart også utvikla ein logo med verdiane som ser slik ut:



## **Driftsresultat**

Rekneskapen viser eit overskot på kr. 15 922 872,- mot kr. 5 657 449,- for 2018.

Årets rekneskapsmessige resultat kjem fram slik:

Resultat før meir-/mindreinntekt	Kr. 19 450 872,-
- Meirinntekt inkl. renter	Kr. 3 528 000,-
= Årets resultat	Kr. 15 922 872,-

Etter dette er samla framførbar meirinntekt inkl. renter pr. 31.12.2018, kr.,- 116 000,-.

## **Disponering av overskot**

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2018 vert disponert slik:

Årets resultat	Kr. 15 922 872,-
Overført til egenkapital	Kr. 7 922 872,-
Utbyte til Årdal Kommune	Kr. 8 000 000,-
Sum disponert	Kr. 15 922 872,-

Den framlagde rekneskapen gjev etter styret si meining eit rett uttrykk for den økonomiske stoda i verksemda.

Styret er ikkje kjend med hendingar som vesentleg har endra stoda til verksemda etter at rekneskapen er avslutta.

Styret for Årdal Energi KF, den 31.12.2018 /14.03.2019.

  
Arild Ingar Læg Reid  
Styreleiar

  
Sandra Opheim  
Nestleiar

  
Aleksander Øren Heen  
Styremedlem

  
Trude Klingenberg  
Styremedlem

  
Ivan Øy  
Styremedlem

  
Jørgen Luggenes  
E-verksjef / Dagleg leiar

## Nøkkeltal

	2018	2017	2016
<b>OMSETNAD</b>			
Driftsinntekter	86 109 952	63 448 421	66 893 540
<b>RESULTAT</b>			
Driftsresultat	15 485 292	4 956 997	11 547 570
Driftsmargin	17,98 %	7,81 %	17,26 %
Resultat før ekstraordinære poster	15 922 872	5 657 449	12 318 463
<b>RENTABILITET</b>			
Total rentabilitet	11,82 %	4,51 %	9,93 %
<u>Driftsresultat + finansinntekter</u> gjennomsnittleg balansetotal			
Eigenkapital rentabilitet	14,82 %	5,41 %	11,89 %
<u>Resultat før ekstraordinære poster</u> gjennomsnittleg eigenkapital			
<b>INVESTERINGAR</b>			
Årets investeringar	11 334 592	6 151 861	5 369 408
<b>SOLIDITET/ KAPITALTILHØVE PR. 31.12</b>			
Eigenkapitalandel	78,83 %	77,97 %	80,89 %
<u>Eigenkapital</u> Totalkapital			
Likviditetsgrad:	2,68	2,86	3,71
<u>Omlaupsmidlar-varelager</u> kortsiktig gjeld			

## Finansieringsanalyse

	2016	2017	2018
Årsresultat	12 318	5 657	15 923
+ Avskrivninger / avgang	4 455	3 917	4 375
<b>= Tilgang på kapital</b>	<b>16 774</b>	<b>9 574</b>	<b>20 298</b>
<b>Sum investeringer</b>	<b>5 369</b>	<b>6 152</b>	<b>11 335</b>
Utbytte til Årdal Kommune	8 000	8 000	8 000
<b>= Bruk av kapital</b>	<b>13 369</b>	<b>14 152</b>	<b>19 335</b>
<b>Endring i arbeidskapital pr. år</b>	<b>3 404</b>	<b>-4 578</b>	<b>963</b>
<b>Arbeidskapital pr. 31.12</b>	<b>19 802</b>	<b>15 224</b>	<b>16 187</b>



## Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	2017
Kraftsal	8, 9	41 511 846	23 018 644
Nettleige	5, 8	35 530 989	36 056 287
Mindreinntekt (+) / Meirinntekt (-)	5, 8	-3 528 000	-6 887 000
Andre inntekter		12 595 117	11 260 490
Sum driftsinntekter		<u>86 109 952</u>	<u>63 448 421</u>
Varekjøp		4 334 493	4 542 938
Kraftkjøp / kostn. overliggende nett		36 531 217	24 603 453
Lønskostnader	8, 11	13 769 156	11 518 000
Andre driftskostnader		11 544 502	13 904 633
Ordinære avskrivningar		4 292 461	3 887 417
Tap på fordringar		70 522	5 700
Avgang driftsmidler		82 309	29 283
Sum driftskostnader		<u>70 624 660</u>	<u>58 491 424</u>
Driftsresultat		<u>15 485 292</u>	<u>4 956 997</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter		708 267	980 890
Finanskostnader	10	270 687	280 438
Resultat av finanspostar		<u>437 580</u>	<u>700 452</u>
Resultat før ekstraordinære inntekter og kostnader		15 922 872	5 657 449
<b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>			
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>15 922 872</u>	<u>5 657 449</u>
Skattekostnad			
Årsresultat		15 922 872	5 657 449
<b>Oppskrivningar og overføringar</b>			
Disponering av årsoverskot			
Utbytte til Årdal Kommune		-8 000 000	-8 000 000
Tilført EK		7 922 872	-2 342 551
Sum disponert		<u>-15 922 872</u>	<u>-5 657 449</u>

## Balanse

Eigedeler	Note	2018	2017
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomtar m.m	1	485 640	485 640
Anlegg under utføring		302 454	0
Anlegg/bygninger	1	58 811 345	59 676 748
Maskiner og inventar	1	13 074 942	5 552 153
Sum varige driftsmiddel		<u>72 674 381</u>	<u>65 714 540</u>
<b>Finansielle driftsmiddel</b>			
Aksjar	7	13 428 541	10 587 756
Eigenkapitalinnskott KLP		1 079 245	969 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>14 507 786</u>	<u>11 556 756</u>
Sum anleggsmiddel		<u>87 182 167</u>	<u>77 271 296</u>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
Varebeholdning	6	<u>729 597</u>	<u>523 828</u>
<b>Fordringar</b>			
Straumfordringar	2	19 639 014	18 285 279
Andre fordringar	2, 5	5 217 084	7 596 657
Sum fordringar		<u>24 856 097</u>	<u>25 881 936</u>
Bank	3, 4	28 571 930	29 047 041
Sum omlaupsmidlar		<u>54 157 624</u>	<u>55 452 805</u>
Sum eigedeler		141 339 791	132 724 101

## Balanse

Eigenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Anna Eigenkapital		108 309 614	101 356 234
Utbyttefond		3 104 499	2 135 007
Sum opptjent eigenkapital		<u>111 414 113</u>	<u>103 491 241</u>
 Sum eigenkapital	<b>4</b>	<u>111 414 113</u>	<u>103 491 241</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetnad for forpliktelsar</b>			
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Ansvarleg lån ÅK	<b>10</b>	<u>10 000 000</u>	<u>10 000 000</u>
Sum anna langsiktig gjeld		<u>10 000 000</u>	<u>10 000 000</u>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		6 476 117	8 228 007
Skuldig offentlege avgifter		11 384 172	9 997 722
Anna kortsiktig gjeld		2 065 389	1 007 131
Sum kortsiktig gjeld		<u>19 925 678</u>	<u>19 232 860</u>
 Sum gjeld		<u>29 925 678</u>	<u>29 232 860</u>
 Sum gjeld og eigenkapital		141 339 791	132 724 101

Styret i Årdal Energi Kf

  
Arild Ingar Læg Reid  
styreleiar

  
Sandra Opheim  
nestleiar

  
Aleksander Øren Heen  
styremedlem

  
Trude Klingenberg  
styremedlem

  
Ivan Øy  
styremedlem

  
Jørgen Luggenes  
dagleg leiar

## **Note 0 Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar til varig eige er klassifisert som anleggsmiddel, andre egedelar er omløpsmidlar. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost og vert avskrive lineært.

Periodisering

Inntekter og kostnader er periodisert, dvs. følgjer transaksjonsprinsippet (verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet) og samanstillingsprinsippet (utgifter vert kostnadsført i same periode som tilhøyrande inntekt).

Skatt

Selskapet er ikkje skattepliktig.

Segmentrekneskap

I rekneskapen er presentert informasjon for kvart verksemdsområde. Presentasjonen omfattar salsinntekter, driftskostnader og driftsresultat.

Meir-/mindreinntekt

Årets meir/mindreinntekt vert utrekna i samsvar med forskriftene i energilova, og vert presentert i eiga note.

Pensjonar

Energiverket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta pensjonen er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse og vert løpande kostnadsført.



Note 2 Vurdering av kundefordringar

	2018	2017	2016
Vurdert til pålydande	27 398 399	24 190 289	23 167 732
Avsett til dekning av usikre fordringar	-200 000	-200 000	-200 000
<b>Bokført verdi pr 31.12.</b>	<b>27 198 399</b>	<b>23 990 289</b>	<b>22 967 732</b>

Utestående fordringar inneheld straumfordringar og andre kundefordringar, samt avsetning til usikre fordringar.

Note 3 Bundne midlar

I posten inngår bundne bankinnskott (skatt) med kr 674 696,-

Note 4 Eigenkapital

	EIGENKAPITAL	DISPOSISJONSFOND	UTBYTTEFOND	SUM EIGENKAPITAL
<b>Eigenkapital 01.01.</b>	<b>80 675 937</b>	<b>20 680 297</b>	<b>2 135 007</b>	<b>103 491 241</b>
Årets resultat	15 922 872			15 922 872
Utbytte til Årdal Kommune	-8 000 000			-8 000 000
Avsett til fond	5 936 358	-6 905 851	969 493	-
<b>Eigenkapital 31.12.</b>	<b>94 535 168</b>	<b>13 774 446</b>	<b>3 104 499</b>	<b>111 414 113</b>

## Note 5 Meir- og mindreinntekt

ÅRETS MEIR-/MINDREINNTEKT		2018	2017
TILLATT INNTEKT			
	Inntektsramme	21 915	20 623
-	KILE	671	526
=	Netto inntektsramme	21 244	20 097
+	Tillegg for kapital	423	-193
+	Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt	-	-
+	Kostnader andre nett	10 428	9 369
+	Eigedomsskatt	-	-
A	= Tillatt inntekt	32 095	29 273
FAKTISK INNTEKT			
	Nettleige, sluttbrukarar (privat og næring)	34 727	34 924
+	Nettleige, kraftverk/produksjon	791	1 112
+	Utleie av nettanlegg (til andre netteigarar)		
+	Leveringsplikt	13	21
+	Gebyrer og morarenter	53	57
+	Andre nett-/monopolinntekter	58	47
B	= Faktisk inntekt	35 642	36 160
A < B	⇒ Meirinntekt	3 547	6 887
A > B	⇒ Mindreinntekt	-	-
AKKUMULERT MEIR-/MINDREINNTEKT		2018	2017
ORDINÆR SALDO, 01.01			
	Meirinntekt	-	-
	Mindreinntekt	3 390	10 197
KORREKSJON, NVE			
	Meirinntekt	-	-
	Mindreinntekt	19	-
NY SALDO, 01.01			
	Meirinntekt	-	-
	Mindreinntekt	3 409	10 197
TILBAKEFØRING			
	Meirinntekt	-	-
	Mindreinntekt	-	-
ÅRETS AVSETNING			
	Meirinntekt	3 547	6 887
	Mindreinntekt	-	-
ÅRETS AVSETNING RENTER			
	Meirinntekt	1	-
	Mindreinntekt	23	80
ORDINÆR SALDO, 31.12			
	Meirinntekt	116	-
	Mindreinntekt	-	3 390

Årdal Energi KF hadde pr. 01.01.2018 ei akkumulert mindreinntekt på kr 3 390 000,- inkl. renter. I 2018 vart det ei samla meirinntekt på kr 3 528 000,- inkl. renter og korreksjon NVE, slik at det pr. 31.12.2018 er ei akkumulert meirinntekt på kr 116 000. Dette skal betalast tilbake til kundane i form av lågare tariff.

Note 6 Lagerbeholdning

Verdien på varelageret pr. 31.12.18 er kr 729 597,-

Note 7 Aksjar i andre selskap

	EIGARANDEL	AKSJEKAPITAL	TAL AKSJAR	PÅLYDANDE	SUM EIGENKAPITAL
Hitch	1,8 %	5 000 000	4 060	100	343 666
REN AS	0,2 %	435 000	1	1 000	1 000
Årdalsnett AS	66,0 %	10 176 000	140	48 000	9 619 500
SEIS AS	18,8 %	500 000	94	1 000	94 000
Seimsdal Kraft AS	34,0 %	3 000 000	4 079	250	1 002 606
Offerdal Kraftverk AS	10,0 %	22 100 000	22 100	100	2 210 400
Nettalliansen	2,4 %	840 000	1	20 000	22 000
<b>Eigenkapital 31.12.</b>					<b>13 293 172</b>



## Note 8 Segmentregnskap

SEGMENTREGNSKAP 2018	Forretningsområde					
	Kraft	Nett	Øvrig	Felles	Avstemming/ eliminering	Totalt
<b>Inntekter</b>						
Kraftsal sluttbrukarar	41 525				-13	41 512
Overføringsinntekter		35 531				35 531
Tilbakeføring meir-/ mindreinntekt		-3 547			19	-3 528
Andre inntekter	70	367	12 159			12 595
Sal av kraft til nettap	1 813				-1 813	-
<b>Sum inntekter</b>	<b>43 407</b>	<b>32 351</b>	<b>12 159</b>		<b>-1 806</b>	<b>86 110</b>
<b>Kraftkjøp og varekjøp</b>						
Kraftkjøp	26 103					26 103
Nettap eige nett		1 813			-1 813	-
Kjøp av overføringstenester		10 428				10 428
Varekjøp		286	4 048			4 334
<b>Sum kraft og varekjøp</b>	<b>26 103</b>	<b>12 527</b>	<b>4 048</b>	<b>-</b>	<b>-1 813</b>	<b>40 866</b>
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>17 304</b>	<b>19 824</b>	<b>8 111</b>	<b>-</b>	<b>6</b>	<b>45 244</b>
<b>Driftskostnader</b>						
Lønn og personalkostnader	1 133	11 810	574	2 090		15 608
Aktivering eige arbeid		-1 838				-1 838
Andre driftskostnader	2 762	597	5 002	3 183		11 544
Avskrivningar / avgang	48	4 094	391		-158	4 375
Tap på fordringar	29	42				71
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>3 973</b>	<b>14 704</b>	<b>5 967</b>	<b>5 273</b>	<b>-158</b>	<b>29 759</b>
<b>Resultat før fordeling av felleskostnader</b>	<b>13 331</b>	<b>5 120</b>	<b>2 143</b>	<b>-5 273</b>	<b>164</b>	<b>15 485</b>
<b>Fordeling av felleskostnader</b>	<b>547</b>	<b>4 453</b>	<b>273</b>	<b>-5 273</b>		<b>-</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>12 784</b>	<b>667</b>	<b>1 870</b>	<b>-0</b>	<b>164</b>	<b>15 485</b>
Finansinntekter					708	708
Finanskostnader					271	271
<b>Sum netto finansposter</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>438</b>	<b>438</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>12 784</b>	<b>667</b>	<b>1 870</b>	<b>-0</b>	<b>602</b>	<b>15 923</b>
Skattekostnad						
<b>Årsresultat</b>	<b>12 784</b>	<b>667</b>	<b>1 870</b>	<b>-0</b>	<b>602</b>	<b>15 923</b>

NVE AVKASTNING NETT	2018	2017	2016
Nettinntekter	32 095	29 273	36 382
Andre driftsinntekter	256	-	98
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>32 351</b>	<b>29 273</b>	<b>36 479</b>
Kjøp av overføringstenestar	10 428	9 369	11 442
Andre driftskostnader	19 443	19 242	17 753
Tapskostnad	1 813	1 463	1 618
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>31 684</b>	<b>30 073</b>	<b>30 813</b>
<b>Driftsresultat monopol</b>	<b>667</b>	<b>-800</b>	<b>5 666</b>
Bokført verdi anleggsmidler			
Pr 01.01	62 780	61 800	60 791
Pr 31.12	70 084	62 780	61 801
Gjennomsnittlige driftsmidler	66 432	62 290	61 296
+ 1 % påslag for netto arbeidskapital	664	623	613
<b>Avkastningsgrunnlag</b>	<b>67 096</b>	<b>62 913</b>	<b>61 909</b>
Avkastning i %	0,99 %	-1,27 %	9,15 %

## Note 9 Sal av konsesjonskraft

Årdal Energi hadde i 2018 konsesjon på totalt 110 293 MWh, eksklusiv framand-leverandører. Av dette tok Årdal Energi ut 110 293 MWh. I tillegg kjøper Hydro kraft til oss i kraftmarknaden. Dette ligg som ein del avtalen med Hydro for utføring av balanseavrekning og tenester. Vi leverer no all kraft som Norsun har bruk for.

## Note 10 Ansvarleg lån Årdal Kommune

I samband med fastsetjing av ny opningsbalanse for Årdal Energi i 1996 vart det vedteke å opprette eit ansvarleg lån frå Årdal kommune på kr 10 000 000.

Lånet er registrert som langsiktig gjeld i balansen. Årdal Energi må kvart år svare rente av dette lånet. Renta tilsvarer den gjennomsnittlege kommunalbankrenta gjennom rekneskapsåret + 1%. For 2018 har renta vore på 2,7 %.

## Note 11 Lønnskostnader og tal tilsette

	2018	2017	2016
Lønn og sosiale kostnader	13 566 800	12 772 024	11 902 672
Netto pensjonskost	1 838 461	1 125 361	-94 828
Andre ytingar	202 258	146 371	158 090
<b>Brutto lønnskost</b>	<b>15 607 518</b>	<b>14 043 756</b>	<b>11 965 935</b>
Investering eige arbeid	-1 838 362	-2 525 756	-1 340 857
<b>Netto lønnskost</b>	<b>13 769 156</b>	<b>11 518 000</b>	<b>10 625 078</b>
Lønns godtgjersle til styret	96 110	98 997	74 829
Revisjonskostnader	32 680	47 815	49 980
Løn og anna godtgjersle E-verk sjef	1 096 855	1 053 969	991 274
Tal fast tilsette	16	16	15
Lærlingar	1	1	3

Årdal Energi sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta pensjonen er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse, og vert løpande kostnadsført.

Saldo på eigenkapitalinnskottet i KLP utgjer ved årsslutt kr. 1 079 245,-.

Til kommunestyret i Årdal kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunestyret

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om revisjonen av særrekeskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert særrekeskapen for Årdal Energi KF som viser eit overskot på kr 15 922 872,-. Særrekeskapen består av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den medfølgjande særrekeskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til Årdal Energi KF per 31. desember 2018, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslovas regler, tilleggsbestemmingar i kommunelova, forskrift om særbudsjett, særrekeskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med desse standardane er skildra i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av særrekeskapen*. Vi er uavhengige av føretaket slik det er krav om i lov og forskrift, og har følgd dei andre etiske pliktene i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for informasjonen elles. Informasjon elles består av årsmeldinga, men inkluderer ikkje særrekeskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje informasjon elles, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og særrekeskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den informasjonen elles inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

### *Styret og dagleg leiars ansvar for særreknescapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særreknescapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovas reglar, tilleggsbestemmingar i kommunelova, forskrift om særbudsjett, særreknescap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein særreknescap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av særreknescapen må leiinga ta standpunkt til føretakets evne til vidare drift og opplyse om forhold av som har noko å sei for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggast til grunn for særreknescapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av særreknescapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at særreknescapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for vår meining. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på særreknescapen.<sup>1</sup>

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om særbudsjett*


Basert på vår revisjon av særreknescapen som skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særreknescapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særreknescapen stemmer med regulert særbudsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av særreknescapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særreknescapen og forutsetninga om vidare drift er konsistente med særreknescapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av særreknescapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

  
Odd J. Storebø  
Oppdragsansvarleg revisor

<sup>1</sup> Linken under viser revisors oppgaver og plikter  
[http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger\\_revisors\\_oppgaver\\_og\\_plikter](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger_revisors_oppgaver_og_plikter)

## **Selskapsform**

År 2018 er det 85. driftsåret for Årdal Energi KF, om ein legg stiftinga av Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning til grunn. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning vart organisert etter at løyvinga for linjebygging til Farnes vart vedteken i heradsstyre 24.02.1933. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning fekk driftsløyve (mellombels) den 27.september 1933 og har sidan hatt kontinuerleg drift i fleire selskapsformer og namn.

Dette elektrisitetsverket vart teke opp i L/L Årdal Kraftlag, som vart stifta 25.11.1945. L/L Årdal Kraftlag vart vidareført (ved oppkjøp) i Årdal Kommunale kraftforsyning, som vart skipa den 22.07.1954. Årdal Kommunale kraftforsyning skifta namn til Årdal Energiverk den 01.01.1989, og vart frå same dato organisert som ei kommunal verksemd.

Etter vedtak i kommunestyret den 24.03.1994. vart namnet endra til Årdal kommunale energiverk. I same vedtak vart Årdal kommunale energiverk gjort til ei kommunal særverksemd under Årdal kommune med eige styre etter § 11 i kommunelova. Årdal kommunestyre gjorde den 14.06.2001 vedtak om å gjera selskapet om til kommunalt føretak (KF). Namnet vart då Årdal Energi KF frå og med 01.01.2002.

## **Medlemskap i andre organisasjonar**

Årdal Energi er medlem av:

- Distriktsenergi
- Kjøpekraft Vest
- KS Bedrift
- Nettalliansen

## **Revisjon**

Revisjon er utført av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

## **Sekundærstasjonar**

1. Øvre Årdal	4 stk.	Transformator	6,0 MVA, 6,0/6,0 kV
	1 stk.	Koplingsanlegg	6,0 kV

Sekundærstasjonen er etablert i Hydro Aluminium - Metallverket sine lokale på Hydro sitt fabrikkområde i Øvre Årdal, Årdal Energi disponerer dette etter avtale.

2. Årdalstangen	2 stk.	Transformator	10,0 MVA, 22,0/6,0 kV
	1 stk.	Koplingsanlegg	22,0 kV
	1 stk.	Koplingsanlegg	6,0 kV

Sekundærstasjonen er etablert i eige bygg inne på Hydro Aluminium - Karbonverket sitt fabrikkområde på Årdalstangen, Årdal Energi disponerer tomten etter avtale.

3. Saltvika	2 stk.	Transformator	1,8 MVA, 6,0/11,0 kV
	2 stk.	Koplingsanlegg	6,0 kV og 11,0 kV

Sekundærstasjonen er etablert på eigen tomt og bygg i Saltvika.

4. Seimsdal	2 stk.	Koplingsanlegg	11,0 kV og 22,0 kV
	1 stk.	Transformator	2,0 MVA, 11,0/22,0 kV

Sekundærstasjonen er etablert i eige bygg, Årdal Energi disponerer tomten etter avtale.

## **Fordelingsnett**

### **Høgspennt fordelingsnett**

Matespenningar for høgspennings distribusjonsnett i Årdal Kommune er som følgjer:

Øvre Årdal, Utladalen, Fardalen og Årdalstangen	6,0 kV
Seimsdal og Ofredal	11,0 kV
Seimsdal, Naddvik, Tyedalen / Moadalen	22,0 kV

Det høgspente distribusjonsnett er samansett av 50,434 km linjer og 88,432 km jordkabel, derav 4,23 km som sjøkabel.

### Fordelingstransformatorar

Årdal Energi har i dag 135 nettstasjonar, i desse er det plassert følgjande fordelingstransformatorar som har slik yting:

Transformator omsetningsforhold	Tal (stk.)	Total yting (kVA)
415 / 240 V	1	32
6 000 / 240 V	87	36 570
6 000 / 415 V	14	4 990
11 000 / 240 V	16	3 940
22 000 / 240 V	26	5 675
22 000 / 415 V	5	3 445
Til saman	149	54 652

Desse fordelingstransformatorane er for det meste plassert i eigne nettstasjonar eller i stolpe arrangement.

### Lågspent fordelingsnett

Årdal Energi sitt distribusjonsnett er 230V IT og 400 TN-C anlegg bestående av 197,36 km jordkabelanlegg og 47,01 km luftleidningsanlegg.

### Fibernet

#### Fiberkabel i sjø og jord

Årdal Energi har bygd fiberkabel, denne er forlagt slik:

##### I sjø/vatn

Seimsdalen – Naddvik, 48 fiber	6 462 m	
Naddvik – Fodnes, 48 fiber	16 985 m	
Fodnes – Amla (Kaupanger), 48 fiber	10 205 m	
Tynosen – Tyin Panorama, 48 fiber	10 100 m	
		Sum sjø/vatn 43 752 m

##### I jord/luft

Øvre Årdal – Tynosen, 48 fiber	19 650 m	
Seimsdalen – Årdalstangen, 48 fiber	2 420 m	
Seimsdalen – Årdalstangen, 24 fiber	2 420 m	
Naddvik – Naddvik kraftstasjon, 48 fiber	1 090 m	
Geithus – Naustbukti, 96 fiber	2 690 m	
Sletterust – Mannsberg, 24 fiber	1 500 m	
		Sum jord/luft 29 770 m
		Totalt 73 522 m

### Aggregat

#### Transportable aggregat

- 75 kVA, 230/400V dieselaggregat, montert på hengar
- Fleire mindre bensinaggregat 2 – 3 kW

#### Faste aggregat

- 150 kVA, 240V dieselaggregat, montert for å forsyne administrasjonsbygg i Øvre Årdal

## **Drifts kontroll og sambandsutstyr**

### **Driftssentral**

Driftssentralen ved Årdal Energi er levert av Netcontrol. Her kan ein overvaka last og fjernstyra alle sekundærstasjonane. Dersom det oppstår feil eller om grenseverdier vert nådd, vert det sendt SMS-melding til vakthavande.

Driftssentralen har direkte samband til sekundærstasjonane via kabel. Ein får då ein kontinuerleg overvaking og betre responstid.

### **Samband**

Internradiosystemet fungerer tilfredsstillande og gjev oss god dekning i heile konsesjonsområdet. I tillegg har vi fire naudnett terminalar, alle tilsette er oppsett med mobiltelefon til kommunikasjon, samt at verksemda har to satellitt telefonar.

## **Andre eigedomar**

Årdal Energi har eigen tomt på 5515 m<sup>2</sup> i Utladalsvegen 1 i Øvre Årdal, der det står eit kombinert administrasjonsbygg og lagerbygg.

På Årdalstangen har Årdal Energi ein kombinert sekundærstasjon og montørbase i Saltvika.

## **Transportutstyr**

Oversikt pr. 31.12.2018:

	Årsmodell	Reg. nr.
Volvo FM9 - lastebil m/kran	2005	CF 34974
DanTruck 8450 MD	2005	ureg.
Peugeot Partner – varebil	2009	UC 25371
Iveco bil m/personkorg	2009	SU 75894
Isuzu D-max 4WD - kassebil	2010	UC 26121
VW Caddy Maxi – varebil	2012	UC 27652
VW Caddy Maxi – varebil	2012	UC 27653
Peugeot Boxer – lagsbil m/karm og kran	2014	UC 27802
VW Caddy – varebil	2016	UC 29678
Peugeot Expert - varebil	2016	UC 29920
VW Transporter - kassebil	2017	UC 30641
Peugeot Expert 4x4	2018	UC 31169



### **Drift**

Årdal Energi har hatt ei stabil drift av nettet. I løpet av året har vi vore råka av følgjande større driftsforstyringar:

- Tidleg i januar hadde vi problem med Offerdalslinja, feil kom og gjekk. Det vart jobba med fleire korrigeringar, som til slutt førte til at linja vart stabil. På grunn av dette har vi i 2018 skifta effektbrytar og lagt ny kabel fram til endemast i Seimsdalen.
- I juni hadde vi utfall på Fardalslinja på grunn av lynnedslag, med påfølgjande følgjefeil som måtte rettast opp.
- 20.oktober var kabelfeil årsak til utfall for HMR Hydeq, Moa, Vettislinja og delar av Utladalen.
- 26.desember Tyinlinja ute i ca. 9 timar på grunn av feil på loop v/Holsbru.

Årdal Energi registrerer alle driftsforstyringar, både varsla og ikkje varsla hendingar. Alle typar driftsforstyringar vert rapportert i FASIT etter NVE sine krav.

## Omsetting av kraft og nett

### **Kjøpsavtalar**

Årdal Energi kjøper all kraft i konsesjonskraft-avtalane Årdal kommune har med Hydro og Østfold Energi (ØE). Dette utgjør til saman 110,3 GWh. I tillegg kjøper Hydro all tilleggskraft vi treng i kraftmarknaden.

Hydro skal etter gjeldande avtaleverk samordna all konsesjonskraft for Årdal kommune og utføra naudsynt melding til Statnett. I tillegg skal dei syta for at Årdal har nok kraft disponibel til ei kvar tid. Hydro-avtalen er på til saman 73,8 GWh, fordelt med 65,8 GWh i Tyin utbygginga og 8,0 GWh i frå Fortun. Østfold Energi avtalen er på til saman 36,5 GWh.

Prisen på all kraft i frå Hydro og ØE vert regulert årleg av OED (OED prisen). I tillegg kjem energiledd og fastavgift (residualledd) på innmating til sentralnettet og overføringskostnader i form av energiledd og fastavgift på overføring tilbake frå sentralnettet. Næraste sentralnettpunkt for Årdal Energi er Leirdøla i Luster.

## Sal


KRAFTOMSETTING 2018	KJØP	SAL
Konsesjonskraft (Hydro) MWh	73 831	
Konsesjonskraft (ØE) MWh	36 462	
Kjøp på spot MWh	26 697	
Sluttbrukar (ordinære) MWh		67 856
Sluttbrukar (lev. pliktige) MWh		171
Sluttbrukar (Norsun) MWh		64 634
Sal av nettap MWh		4 329
SUM MWh	136 990	136 990

Kostnad for tap i distribusjonsnettet: 4 329 MWh x 418,7 kr/MWh = 1 812 522 kr.  
Det er nytta NVE sin tapspris i vedtak om inntektsramme for 2018.

NETTOMSETTING 2018	INN	UT	NETTO
Andre nett (Hydro) MWh	69 170	21 116	48 053
Andre nett (Vang) MWh	7	1 598	-1 591
Produksjon MWh	34 434		34 434
Sluttbrukarar MWh		76 567	-76 567
Nettap MWh		4 329	-4 329
SUM	103 611	103 611	-

## Tariffar

Endringar i kraftprisen og energileddet på nettleiga er illustrert i diagrammet under:



Kraftprisen til Årdal Energi har vore god i konkurransebiletet for Årdal.

## Kundekontraktar

Pr. 31.12.2018 var det registrert 3583 kontraktar med kundar i Årdal.

## Installasjonskontroll, DLE

DLE har som hovudoppgåver å utføra tilsyn med elektriske installasjonar i vårt forsyningsområde, marknadskontroll og revisjon av elektroinstallatørane sitt internkontrollsystem. I tillegg skal vi informera om el-tryggleik spesielt til eldre og barn.

For brann- og ulykkesetterforskning har Årdal Energi inngått avtale med Etrygg AS.

Det er i 2018 utført:

	<i>Planlagd</i>	<i>Utført</i>
Tilsyn med private anlegg	141 stk.	175 stk.
<i>Enkle helseinstitusjonar</i>	<i>1 stk.</i>	<i>2 stk.</i>
<i>Tilsyn med elektroentreprenørar</i>	<i>2 stk.</i>	<i>0 stk.</i>
<i>Tilsyn med gardsbruk</i>	<i>2 stk.</i>	<i>2 stk.</i>
<i>Tilsyn med andre næringsverksemdar</i>	<i>8 stk.</i>	<i>20 stk.</i>
<i>Informasjonsarbeid</i>	<i>1 mnd.</i>	<i>1 mnd.</i>

## Målesystem

I løpet av 2018 har vi installert AMS-målarar (Avanserte Måle- og Styresystem) hjå 99% av kundane i vårt nett. Det nye målesystemet er innkjøpt i lag med Nettalliansen, målarane er av typen Aidon. Måleverdiane vert overført via eit kryptert nettverk.

## Entreprenør

Årdal Energi har utført arbeid for Årdal kommune, Årdalsnett, Lærdal kommune, Flåm AS, E-CO Energi, Hydro Aluminium, samt mindre oppdrag for private kundar.

**Årdal Energi er ein aktiv sponsor,  
me har i 2018 støtta følgjande lag og organisasjonar:**

Årdalstangen IL – Årdal Fotballklubb - IL Jotun – Hugin Musikkforum

Målrock - Farnes skyttarlag - Årdalstangen Musikklag

Kulturveka Farnes kyrkje - Årdal Revmatikerforening

Stiftinga Nasjonalparkfestivalen under Storen

Frivillighetssentralen - Tangen Køyre og rideklubb

TV aksjonen Kirkens Bymisjon – Farnes Ungdomslag

Årdal Hundeklubb – Eikpyrnir Bogeskyttarlag

17.mai komiteane

**Årdal Energi KF** - Utladalsvegen 1 - 6884 ØVRE ÅRDAL

Tlf: +47 57 64 86 00 - [post@ardal-energi.no](mailto:post@ardal-energi.no)



Årdal Energi